

Møtereferat

Dato: 11/06-2018

Emne:	Referat frå møte 9 i kunstkomiteen for Bybanen, BT4.		
Til stades:	Sølvi Marie Myrseth (SMM), Annike Gullestad (AG), Petra Rahm (PR), Ronny Skaar (RS), Tone Stedal Haugland (TSH), Hilde Skjeggstad (HS).		
Forfall:	Ingrid Haukeland (IH), Stein Dvergsnes (SD), Trine Lise Nedreås (TLN).	Sak:	
Møtetid:	Tirsdag 05. juni 2018 kl. 12.30-15.00	Møtestad:	Fylkeshuset, 7. et., rom 726.

Møteleiar: Hilde Skjeggstad

Referent: Tone Stedal Haugland, Hilde Skjeggstad

Sak	Emne	Vedtak	Ansvar / frist
1.	<i>Referat frå forrige møte.</i>	Referat blei godkjend utan merknader.	
2.	<i>Kunst til Kristianborg. Presentasjon av forprosjekt Jan Freuchen.</i>	<p>Pdf frå Jan Freuchen med framlegg til kunstprosjekt på Kristianborg, blei gjennomgått side for side. Framlegget er ei vidareutvikling og konkretisering av ideen som blei presentert i komitemøte 20/4-18. Både tekniske, tryggleiksmessige og økonomiske forhold knytta til gjennomføring er gjennomgått i samarbeid med BU, Sweco og andre. Kunstkomiteen finn prosjektet svært interessant og ønsker det blir realisert i tråd med kunstnarens framlegg. Pdf frå kunstnar følger referatet som vedlegg.</p> <p>Vedtak: Forprosjektet godkjennast og avløysast av Kontrakt om kunstoppdrag. Budsjettramma settast til 1,3 mill. Naudsynte avklaringar og oppfølging fram mot implementering i BUs anbudsgrunnlag gjerast som ledd i den nye kontrakten. Hilde formidlar komiteens merknader til kunstnar og koordinerer prosessen.</p>	HS
3.	<i>Orienteringssaker</i>	<p>a. Trine Lise Nedreås er ny representant for Bergen kommune i kunstkomiteen. Ho er rådgjevar i Fagavdeling kunst og kulturutvikling, og erstattar Elisabeth Vaule.</p> <p>b. Status prosjektering: Hilde har kontakt med BUs prosjektleiar for Fyllingsdalen for å få oppdatert info om status.</p> <p>c. Det er tatt initiativ til møte med BBAS om ev. kunst til vognane (lyd/tak).</p>	HS RS/HS
4.	<i>Kunst til Haukeland. a. Status prosjektering b. Tankar om kunst / prosessen vidare.</i>	<p>a. Sweco har levert oppdaterte skisser for utbygginga på Haukeland. Desse er enno ikkje handsama av BU. Ein del forhold er uavklarte. Prosjekteringsfasa skal vera avslutta primo september.</p> <p>b. Hilde følger opp prosessen mot BU og Sweco/ARK med tanke på å finne område og ev. premiss for eit kunstprosjekt.</p>	HS

5.	<i>Budsjett.</i>	Ei revidert budsjettsskisse blei presentert. Mykje er enno usikkert med kva kunstprosjekta vil gå ut på. Budsjetttrammene for dei enkelte prosjekta vil bli justert. Budsjettet følger referatet som pdf.	
6	<i>Framdrift</i>		
7.	<i>Møteplan.</i>	Nytt møte blir fredag 17. august 2018 kl. 0900-1200 hos BU.	
8.	<i>Ev.</i>	Det var ingen saker til Ev.	

Vedlegg: 1. Forprosjekt Kristianborg. Pdf frå kunstnar Jan Freuchen.
 2. Budsjettsskisse.